



RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 70



ATLE VAAGE
atle@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 71



ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no
Tlf. 56 35 55 74



Kvernhusmyrane 29, Knarvik senter - 5914 ISDALSTØ - TLF: 56 35 55 55 - FAX: 56 35 55 56 - avisa@nordhordland.no

Festival-løft

Årets Utvandningsfestival på Sletta som vart arrangert i helga, inneheld dei kjende elementa som vande festival-deltakarar forventar å finna. Samtidig har ein greidd å fornya festivalen ved å skapa liv og aktivitet som og fengjer dei yngste.

Fagseminar og seremoniar for å markera og minna kvarandre om bakgrunnen for utvandningsfestivalen høyrer med. Men skal ein greia utvikla denne typen festivalar, må det nytenking til. Det har i aller høgste grad avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland bidradd med sidan ho vart tilsett ved Vestnorsk Utvandningscenter.

Ida er eit friskt pust til den tradisjonsrike festivalen. Ho gjer eit viktig arbeid når ho reiser rundt på skulane for å prøva skapa interesse blant den oppveksande slekt, og ikkje minst har ho tilført festivalen ny aktivitet.

På same måte prøver Torhild Kvingedal og hennar medsamansvorne å skapa ny og utfordrande aktivitet ved Lyngheiseretret på Lygra, aktivitet som og fengjer dei som bur i området.

Skal ein få til levande formidling av farne tiders historie, er ein avhengig av å knyta kontaktar og skapa engasjement i lokalsamfunnet.

Eit ekstra pluss er det at utvandningsfestivalen og den internasjonale folklorefestivalen gjekk saman om ei felles avslutning av to flotte festivalar. Denne typen vellukka samarbeid vil vi gjerne sjå meir av.

Altfor ofte opplever vi diverre at ulike festivalar og andre kulturarrangement vert lagt til same dag og dermed konkurrerer om publikum si merksemd, i staden for å samarbeida til felles nytte både for publikum og arrangørar.



Randi Bjørlo



REISEFØLGJET: Marius Villanger, Bjørn Arne Mo frå Knarvikvila, Marte Rydland og rektor Olaf Hella lærar seg kva som er opp og ned på det Etiopiske flagget. (Foto: Thomas Steen Kvalheim)

Til Etiopia med 250 000 kr

Marius(14) og Marte (14) er trekt ut til overlevera pengegåva til Unicef


KNARVIK: For tredje år på rad samlar Knarvikmila og Knarvik ungdomsskule inn pengar til hjelpeprosjekt i Etiopia. Marte Rydland(14) og Marius Villanger(13) er dei heldige som er trekt ut til å overlevera årets gåve.

HANNE KRISTIN PEDERSEN

– Eg søkte om å få vera med på dette fordi eg gjerne vil sjå korleis dei har det der nede, om det er sånn som vi høyrer om Afrika, seier Marius Villanger som skal byrja i niande klasse til hausten. I lag med Marte Rydland skal han representere elevane ved Knarvik ungdomsskule ved overleveringa av pengar som elevane skal samla inn til eit hjelpeprosjekt i Etiopia. I tillegg inneheld gåva pengar frå Knarvikmila.

Idrettselt ønsjer velkomen

Overleveringa skjer under Great Ethiopian Run i slutten av november, eit anerkjend tikilometersløp i hovudstaden Addis Abeba, og midlane blir kanalisert gjennom Unicef. Den etiopiske folkehel-



GLER SEG: Marius Villanger (9. klasse) og Marte Rydland (Foto: Hanne Kristin Pedersen)

ten og friidrettsuttøveren, Haile Gebrselassie, vil vera ein del av vertskapet til dei norske elevane. Han kjem som kjend til Knarvikmila i september. Marte og Marius seier dei gler seg til løpet med 35 000 deltakarar.

– Men eg trur vi kjem til å gå mesteparten, seier Marte og får eit bekräftande nikk frå medeleven.

Lærer å dela

– Dette blir ei læring som dei ikkje kunne fått på skulebenken, trur rektor ved Knarvik ungdomsskule, Olaf Hella. Han skal vera med dei to elevane på turen.

– Vi som skule ønsjer å læra elevane å dela av vår velferd og vera ei hjelpande hand, legg han til.